



Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 17/617-5

FR - Vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg - oppfølging av vedtak i FT-sak 12/16

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek rapport frå fylkesrådmannen datert 25. oktober 2017 til orientering
2. Kontrollutvalet vurderer pkt. 3 og 4 i vedtaket i FT-sak 12/16 til å vere ferdig oppfølgt
3. Kontrollutvalet vurderer vedtaket i FT-sak 12/16 til å vere ferdig oppfølgt.

Vedlegg:

- Notat frå fylkesrådmannen datert 25. oktober 2017 – Forvaltningsrevisjon – Vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Bakgrunnen for saka er gjennomført forvaltningsrevisjon av vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg, som vart gjennomført i 2015/16. Prosjektet var avgrensa til å gjelde skulebygg. Rapporten etter den gjennomførte forvaltningsrevisjonsrapporten vart handsama av fylkestinget 14. juni 2016 i FT-sak 12/16. Fylkestinget gjorde slikt vedtak:

1. Rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon av vedlikehald og inneklima i fylkeskommunale bygg vert teken til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å:
 - a. Sikre at internkontrollsystemet til fylkeskommunen er i samsvar med krav i forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular (§4), og at ansvar og oppgåver i medhald av forskrifta blir tydeleggjort.
 - b. Sikre at det alltid blir fatta enkeltvedtak i samsvar med reglane i forvaltningslova, i saker der elevar eller foreldre, eller eit av råda eller utvala ved skulen der desse er representerte, ber om tiltak knytt til fysiske miljøtilhøve (jf. opplæringslova. § 9a-2, 4. ledd)
 - c. Sikre at det blir etablert eit meir einsarta og formalisert avvikssystem i samband med problemstillingar knytt til vedlikehald og inneklima.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen vurdere dei øvrige anbefalingane i rapporten ut frå eit kost/nytte-perspektiv.
4. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere status på oppfølginga av forvaltningsrevisjonen og status for vidare arbeid innan utgangen av 2016.

Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok notat frå fylkesrådmannen 19. januar 2017, med status for oppfølginga av fylkestingsvedtaket.

Kontrollutvalet handsama notatet 7. februar 2017 i KU-sak 8/17. Utvalet gjorde dette vedtaket:

1. Kontrollutvalet tek rapport frå fylkesrådmannen datert 19. januar 2017 til orientering
2. Kontrollutvalet vurderer pkt. 2 i vedtaket i FT-sak 12/16 til å vere ferdig oppfølgt
3. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen vurdere dei øvrige anbefalingane i rapporten slik fylkestinget har bedt om i pkt 3 i vedtaket i FT-sak 12/16.

2. Vurderingar og konsekvensar

Kontrollutvalet mottok 27. oktober nytt notat frå fylkesrådmannen der oppfølging av dei to siste anbefalingane var tema.

- a) Vurdere å operasjonalisere dei overordna måla som er sett for bygge- og eigedomstenesta sitt arbeid
- b) Vurdere å utarbeide ein strategi for det vidare arbeidet med universell utforming ved skulane, som mellom anna inneheld gjennomføringsplan og prioritering av tiltak

Vedr. pkt. a – operasjonalisering av mål

Fylkesrådmannen har vurdert punktet, og kome til at vedlikehaldsplanlegginga er tydeleg og detaljert, faglege og brukarmessige omsyn er ivaretake. Fylkesrådmannen ser det derfor ikkje tenleg å ytterlegare detaljere oppfølginga med meir detaljerte operative mål.

Vedr. pkt. b – strategi for arbeid med univerell utforming

Det er, etter ein nærmare gjennomgang av status på arbeidet med universell utforming, utarbeidd ein strategi for det vidare arbeidet innan dette området. Strategidokumentet er vedlagt saka.

4. Konklusjon

Fylkesrådmannen har gjort vurderingar knytt til operasjonalisering av mål, slik det er bedt om tilrådinga i rapporten som er grunnlag for FT-sak 12/16.

Det er også utarbeidd ein strategi for arbeidet med universell utforming.

Kontrollsjefen vurderer oppfølginga av vedtaket i FT-sak 12/16 til å vere oppfølgt.